



# Suldal Bondelag

## Læring i Næring 2020/2021

### **Bondelaget**

Suldal Bondelag er bøndene i Suldal sin fagorganisasjon. Me har 161 medlemmer som er aktive bønder. I tillegg er ein del andre personar støtte-medlemmer i organisasjonen vår. Bondelaget er eit viktig bindeledd mellom den ein-skilde bonde og staten.

Me ynskjer å leggja til rette for at så mange som ynskjer det skal få tilbod om praksisplass i landbruket gjennom Læring i Næring. Det er viktig at du som er interessert i ein slik jobb gjev oss tilbakemelding, og så vil me forsøkja å finna ein bonde i ditt nærmiljø som du kan arbeida hjå.

### **Arbeidsområde**

Arbeid på ein gard passar godt for deg som er glad i fysisk arbeid. Gjennom stell og foring får ein også god kontakt med dyr. For å trivast er det viktig at du likar å ha kontakt med dyr. I fjøset er ingen arbeidsdag lik, enkelte dagar kan du kanskje få oppleve ei kalving?

Arbeid på ein gard er greitt å få til å passa inn i planen for læring i Næring, sidan mykje av gardsarbeidet blir gjort også på ettermiddag/kveld og i helger. For kvar enkelt praksisplass finn me fram til ei grei ordning enten det blir kvelds og helgearbeid eller i feriar.

### **Bedriftsbesøk**

Det vil bli bedriftsbesøk på eit gardsbruk for å sjå at bonde-yrket er mangfaldig. Ingen gard er lik, og den enkelte bonde formar langt på veg sin eigen arbeidsplass sjølv. Me kjem tilbake til kven de skal besøkja og dato. Det vil bli i løpet av september.

**Søknadsfrist:** Onsdag 30.september Me tilpassar gard etter den grenda du kjem i frå.

### **Kontaktperson**

Suldal Bondelag:

leiar; Johannes Fattnes, e-post; [fattnj65@gmail.com](mailto:fattnj65@gmail.com) tel: 913 52 729

Ta gjerne kontakt anten på e-post dersom du har spørsmål.